



Kvinnheradsmeister 2014: Jan Ove Totland.

**Under museumsdagen på Rødtunet i ettermiddag vart tradisjonen med Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang teken opp att etter nokre års pause. Det knytta seg stor spenning til om nokon ville vinna vandrepokalen til odel og eige. Både Audun Eik og Siv Hanne Kjærland hadde nemleg to napp i pokalen frå før.**

Sjølv om det berre stilte tre deltakarar i meisterskapet i år, må vi kunne sei at kampen om tittelen var hard! Nivået på dei tre deltakarane var til å bli imponert av. Deltakarane skulle gjennom ei hinderløype, og dersom dei

ikkje passerte hindera på tilfredstillande måte, vart dei prikkbelasta. I siste del av løypa var også tidtaking. Antal prikkar var grunnlag for rangeringa, men dersom to hadde like mange prikkar ville tida bli avgjerande.



Nr.2 Audun Eik har og to napp i vandrepokalen.

Audun Eik hadde vunne to ganger tidlegare, i 2006 og i 2008. Med siger ville han få vandrepokalen, som er gjeven av Uskedalen trelastlager, til odel og eige. Jan Ove Totland ville det annleis! Han vann den jamne duellen, og dermed har han også 2 napp i pokalen.

Dermed ligg det an til eit durabeleg oppgjer mellom dei to neste år! Men kanskje vert dei begge lurt av debutanten Leif K. Kongestøl? Vi legg merke til at han hadde ei sterk tid. Ved meir rutine vil han kanskje ta det meir med ro? Då vil talet på prikkar truleg gå ned.

#### Resultat KM 2014:

- |                      |                   |
|----------------------|-------------------|
| 1. Jan Ove Totland   | 5 prikkar(22,4s)  |
| 2. Audun Eik         | 6 prikkar(32,5s)  |
| 3. Leif K. Kongestøl | 15 prikkar(25,7s) |

#### Desse har vunne til no:

- 2002: Sigmund Myklebust
- 2003: Maria Kjærland
- 2004: Siv Hanne Kjærland
- 2005: Siv Hanne Kjærland
- 2006: Audun Eik
- 2007: Jan Ove Totland
- 2008: Audun Eik
- 2014: Jan Ove Totland

Dermed har Siv Hanne, Audun og Jan Ove 2 napp i pokalen. Dei kan dermed vinna den til odel og eige neste år.



Nr.3 Leif K. Kongestøl vert ein farleg utfordrar når han får meir rutine og betre treningsgrunnlag.  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.